

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kvam formannskap	12.03.2026	013/26
Kvam heradsstyre	19.03.2026	020/26

Avgjerd av:	Arkiv: N-541	Arkivsaknr
Saksh.: Ystebø, Jarle	Objekt:	26/617 - 1

Forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg - ut på høyring

Behandling i politiske utval:

12.03.2026, FSK- 013/26 Vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek å leggja lokal forskrift for utslepp frå mindre avløpsanlegg ut til høyring og offentleg ettersyn i inntil 6 veker, jf. forureiningsforskrifta § 12-6.

Krava i lokal forskrift skal erstatte kravene i § 12-7 til § 12-13.

19.03.2026, HST- 020/26 Vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek å leggja lokal forskrift for utslepp frå mindre avløpsanlegg ut til høyring og offentleg ettersyn i inntil 6 veker, jf. forureiningsforskrifta § 12-6.

Krava i lokal forskrift skal erstatte kravene i § 12-7 til § 12-13.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek å leggja lokal forskrift for utslepp frå mindre avløpsanlegg ut til

høyring og offentlig ettersyn i inntil 6 veker, jf. forureiningsforskrifta § 12-6.

Krava i lokal forskrift skal erstatte kravene i [§ 12-7](#) til [§ 12-13](#).

Samandrag:

I samband med utarbeiding av kommunedelplanar for vatn og avløp er det utarbeida ei lokal forskrift for utslepp frå mindre avløpsanlegg. Dette er avløpsanlegg der utsleppet ikkje kjem over 50 personeiningar (pe), jamfør forureiningsforskrifta kap. 12.

Forskrifta skal forenkle kommunen si sakshandsaming i samband med utslepp frå mindre avløpsanlegg, og fastsetje eigne krav til avløpsløyser slik at omsynet til resipienten, drikkevassanlegg og brukarinteressene vert ivaretekne. Forskrifta vil dessutan sikre likebehandling ved saksbehandling av utsleppssøknader.

Kvam herad har i dag retningslinjer for utslepp frå mindre avløpsanlegg som del av gjeldande kommunedelplan for avløp, men ikkje eige forskrift.

Vedlegg i saka:

Dok.id	Tittel
310898	Lokal forskrift - Utslepp frå mindre avløpsanlegg (002)

12.03.2026 Kvam formannskap

Røysting: Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FSK- 013/26 Vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek å leggja lokal forskrift for utslepp frå mindre avløpsanlegg ut til høyring og offentlig ettersyn i inntil 6 veker, jf. forureiningsforskrifta § 12-6.

Krava i lokal forskrift skal erstatte kravene i [§ 12-7](#) til [§ 12-13](#).

19.03.2026 Kvam heradsstyre

Røysting:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

HST- 020/26 Vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek å leggja lokal forskrift for utslepp frå mindre avløpsanlegg ut til høyring og offentleg ettersyn i inntil 6 veker, jf. forureiningsforskrifta § 12-6.

Krava i lokal forskrift skal erstatte kravene i § 12-7 til § 12-13.

Saksopplysningar:

Kvam herad er forureiningsmyndigheit for utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg, etter kapittel 12 i forureiningsforskrifta. Heradet har dermed plikt til å handheva det regelverket som gjeld for slike avløpsanlegg, og å førebyggja og gjere tiltak mot forureining.

Dette innebærer blant anna at heradet må

- driva kontroll og tilsyn med avløpsanlegga
- ha oversikt over anlegga, deira tilstand og kva løyver som er gitt
- stilla kompetansekrav til dei som skal planleggja og bygga avløpsanlegg
- gje løyve til utslepp av avløpsvatn etter krava i kapittel 12 i forureiningsforskrifta

Det er registrert ca. 1 780 private avløpsanlegg, som betaler gebyr for slamtømming i Kvam herad, og som ikkje er knytt til det kommunale avløpsnettet.

Svært mange av kloakkutsleppa frå spreidd busetnad har dårleg reinsing og tilfredsstiller ikkje krava i dag til utslepp. Opprydding i private avløpsanlegg er difor et svært viktig tiltak for å følge opp vassforvaltningsplanen.

For å forenkle arbeidet med oppfølging av eksisterande utslepp og etablering av nye utslepp, i tråd med oppdaterte reinsekrav, er det behov for utgreiing/forklaring av regelverket, både for eigarane av avløpsanlegg, sakshandsamarar og entreprenørar. Forureiningsforskrifta § 12-6 gjev Heradet heimel til å fastsetja ei lokal forskrift som kan erstatta forureiningsforskrifta sine § 12-7 til 12-13.

Dette omfattar blant anna:

- Krav til avløpsnett
- Krav til reinsing av utslepp
- Dokumentasjon av reinsegrad
- Lokalisering av utsleppsstad
- Utforming og drift av reinseanlegg

Fastsetjing av lokal forskrift skjer med bakgrunn i at heradet ynskjer eit tydeleg heimelsgrunnlag for å følgja opp utsleppsløysningar med tilfredsstillande reinseevne, samt å tilpassa regelverket til lokale forhold. Den lokale forskrifta bidrar til at heradet kan gjennomføra sine plikter etter forureiningsforskrifta. Det blir også enklare å velge rett avløpsløyse for å tilfredsstille krav til utslepp i forhold til resipienten sin miljøtilstand.

Vurdering:

Kvam herad er tilsynsmyndigheit for mindre avløpsanlegg som kjem inn under Kapittel 12. i forureiningsforskrifta.

Ved å vedta ei lokal forskrift som erstattar forureiningsforskrifta § 12-7 til § 12-13 får heradet eit godt verktøy i arbeidet med å gi utsleppsløyve generelt, og i arbeidet med opprydding i spreidd avløp spesielt.

Ei lokal forskrift sikrar også likebehandling og forutsigbarheit for huseigarar i spreidd busetnad, ved krav til etablering av private reinseløysningar. Det å sørge for at innbyggjarane sine investeringar i nye/oppgradering av avløpsanlegg betalar seg i form av god reinsing, er god samfunnsøkonomi - og svært viktig for å ivareta godt vassmiljø.

Det innstillast difor til at lokal forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg vert lagt ut på høyring.